

40 juletre av beste kvalitet vert selde ved Elins Matgleder.

13.12.2018



Juletresalet er i full gang ved Elins Matgleder.

Juletresalet er i full gang. Geir Enes har vore i Sandeid og henta heim 40 edelgran av beste kvalitet. Dersom omsetnaden er god, vert det henta meir. Juletrebonden heiter Svein Bjarte Slåke og har spesialisert seg på produksjon av juletre av typen Nordmanna edelgran. Juletresalet i Uskedalen starta måndag i denne veka og held fram til jul.

Geir Enes fortel til Uskedalen.no at folk vil ha juletre av høg kvalitet. Å berre henta eit juletre i skogen er ofte ikkje godt nok. Slåke i Sandeid har stor produksjon og leverer til større kundar. Han har plantefelt på innmarka og dyrkar fram trea i ein 10 års periode. Trea vert gjødsla, klipt og forma slik kjøparen vil ha dei.

Det er stor konkurranse innan sal av juletre. Store leverandørar og kjeder dumpar ofte prisane og det kan vera krevjande å vera ein lokal seljar. I fjor sat Elins Matgleder inne med nokre juletre. I år vert det i fyrste omgang seld 40 tre. Er det trong for meir, kan Geir henta på dagen. Prisen er kr. 600,-

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal